

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 6.12.23

Stad: Flåm Marina

Sak 35/23.

Fjellstrebudsjettet for 2024

Budsjettforslaget er utarbeidd. Som samanlikningsgrunnlag er medteke rekneskapstala for 2022, budsjett og prognose for 2023. I prognosene for 2023 er det m.a. teke utgangspunkt i rekneskapstala per 31.10.23.

Budsjettforslaget for 2024 legg opp til balanse mellom inntekter og kostnader.

Kommentarar til postane i budsjettet:

INNTEKTSSIDA:

3011 Utleige arbeidskraft

Gjeld avtalen om utleige av ½ årsverk til Aurland Setjefisk BA, ½ årsverk til kommunen (viltforvalting, felles landbrukskontor ÅLA), tenestesal til SNO og NINA, i tillegg til anna tenestesal. Noko nedgang i tenestesalet siste åra, grunna mindre oppdrag for m.a. NINA. Eg reknar med same omfang av tenestesalet neste år som i år, men legg inn venta prisvekst.

3012 Villreinutvalet - refusjon oppsyn/sekretær

Reknar med omlag tilsvarande arbeidsmengd som i 2022 og -23. Sjølv om det no er rein å forvalta berre i sone 2, skal jobben gjerast med sekretær- og kasserararbeid for utvalet, oppsynsleiar og oppsyn under jakt. Fjelloppsynet vil truleg framleis vera sentrale i gjennomføringa av teljingar i villreinområdet.

3300 Statskog – tilskot oppsyn

Etter fjellova skal 50 % refunderast, men statsbudsjettet avgjer reell refusjon. I år vart det ein gledeleg auke i refusjonspotten i statsbudsjettet, noko som gav ei auka utbetaling til fjellstyret på over 60 %. Det er framlegg om vidare auke i statsbudsjettet for 2024. Eige budsjett for oppsynet i Aurland er sendt til Statskog SF. Eg går i budsjettframlegget ut frå at tildelt sum vert tilnærma lik omsøkt tilskot. Fjellstyresambandet har tidlegare signalisert at dei vil oppmoda Statskog SF om å tilgodesjå fjellstyra i «CWD-råka» område når budsjettmidlane skal fordelast.

3302 Erstatningar Eco Energi

Desse vert indeksregulerte med visse mellomrom (kvart 4. år) Regulering er venta å skje i år.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato 6.12.23

Stad: Flåm Marina

Sak 35/23, side 2.

INNTEKTER, FRAMHALD:

3303 Tilskot grunneigarfondet Statskog /Miljødirektoratet

Tilskot til friluftstiltak for born og unge – skulefiskedagane - er teke med her. Det er transporten av skuleborn til fiskedagar i fjellet fjellstyret har avtalt med skulane å dekka. Det er og løyvt eit tilskot frå grunneigarfondet til nytt kaidekke i Nordheimsdalen. Dette er venta utbetalt i 2024, når arbeidet er gjort.

3304 Oppsynstilskot grunneigarar

For oppsyn på privat grunn gjennom året, 1 øre pr. daa, i følgje avtale med grunneigarlaget.

3306 Fiske

Viss ein ser vekk frå somrar der isen ligg lenge på fjellvatna, er interessa for sportsfiske i fjellvatna stor. Eg reknar med at fiskekortinntektene (fjellstyret sin del av Aurlandskortsaled + sal av garnkort) held seg på det nivået dei har lege på dei siste par åra. Fjellstyret har gjort nokre grep som bør kunna gje auka kortsal; revidert fiskereglane for statsallmenningen, letta tilgangen for båtutsetjing på Vestredalsvatnet, meir fokusering på fiske på heimesida m.m. Kortprisane er samordna med kortprisane på dei private sonene i fiskekortordninga.

3307 Sal av fellingsløyve rein

Arealet av statsallmenningen i Vestfjelli, som framleis har reinsjakt, utgjer 39 % av heile allmenningen (rekna i teljande areal for villrein). Fjellstyret auka kortprisane sist i 2019, så det bør vurderast ny justering i 2024, ut frå prisveksten elles i samfunnet. Det er neppe aktuelt med særleg større fellingskvote neste år enn den som vart fastsett i år.

3308 Sal av fellingsløyve hjort/elg

Inntekta her avheng litt av om elgen vert skoten eller ikkje, og kor mange hjortar som vert felt. Ordninga med sal av dagskort for hjortejakt har gjeve noko auke i inntekta. Nye avtalar for dei to jaktfelta i Nordheimsdalen skal inngåast i 2024. Det gjer det aktuelt å sjå på prisnivået.

3309 Småviltjakt

Fjellstyret la i år, som dei føregåande åra, ut eit bestemt tal jaktkort til utanbygds jegerar på nettstaden Inatur, noko som fungerer godt. Alle kort var selde etter kort tid. Med dette opplegget kan ein lett regulera både talet på jegerar og kva inntekt ein ynskjer av kortsaled. Nokre jaktkort vart lagde ut for sal på turisthytta i Stemmerdalen, etter avtale med innehavaren. Jaktstart vart sett til 25. september.

Det vart lagt ut nokre jaktkort i tillegg på Inatur i oktober. Kortprisane vart sist auka i 2018. Med den kostnadsauken som har vore i det siste, bør ein gå gjennom kortprisane med sikte på oppjustering.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 6.12.23

Stad: Flåm Marina

(Sak 35/23, side 3)

3310 Festeavgifter

Fjellstyret har krav på 50 % av dei festeavgiftene som vert innbetalte til Statskog SF for hytter og overnattingsverksemder.

3311 Overnatting fjellstyrehytter

Det ser ikkje ut til at fjellstyret får den auken i overnatningsinntekter som var lagt inn i budsjettet for 2023. Overnatningsprisen på dei opne fjellstyrehyttene har lege fast på 100 kroner sidan 2013. Det må vera tid for å auka denne før neste sesong. For dei to uteleigehyttene, Håbergsholene og Brubotn, vart prisane auka i 2022.

3312 Sal av trykksaker fjellstyrekontoret

Salet av bladet "Villreinen" og nokre bøker fjellstyret har teke inn. Valdkartet for Nordfjella, som tidlegare har vorte selt gjennom fjellstyrekontoret, er det ikkje fleire att av.

8070 Renteinntekter

Renter av bankinnskot. Etter at fjellstyret oppretta konto på Sparesmart.no, med noko høgare rente enn det den lokale sparebanken kunne tilby, har renteinntektene auka.

UTGIFTSSIDA:

5001 Løner oppsyn

Eg har rekna med 4,5 % lønsauke det komande året, ut frå tal henta frå SSB. For 2023 var lønsauken 5,4 %. Eg har også lagt til grunn tala i oppsynsbudsjettet for 2024 som er vedteke av fjellstyret og sendt Statskog SF til godkjenning. Budsjettet legg opp til 3,5 årsverk tilsette i fjelloppsynet, og gjev ikkje rom for tilsetting av ekstrahjelp (sesongoppsyn). Det var delvis permittering av tilsette sist vinter som gjorde at ein i år kjem ut med litt lågare lønskostnader enn budsjettert.

5401 Arbeidsgjevaravgift

10,6 % av lønsutgiftene.

5451 Pensjons- og yrkesskadeforsikring

I samsvar med inngåtte avtalar med dei tilsette.

7101 Bilgodtgjersle

Oppdrag frå andre instansar (som t.d. SNO, kommunen og Aurland Setjefisk) fører til mykje køyring. Ein del av dette kjem att på inntektssida, ved at køyringa vert fakturert tenestekjøparane. Med to bilar i fjellstyret si eige vert utbetalinga av bilgodtgjersle til dei tilsette for bruk av eigen bil ikkje så stor, men noko køyring av privatbil vert det.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 6.12.23

Stad: Flåm Marina

(sak 35/23, side 4)

7151 Diettgodtgjersle

Nivået på denne har vore nokså stabil dei siste åra. Det er statens reiseregulativ som vert lagt til grunn.

5331 Møtegodtgjersle

Kommunen sitt vedtekne regulativ for møtegodtgjersler til medlemar i fjellstyret vert lagt til grunn.

6471 Driftsutgifter materiell

Drifts- og vedlikehaldsutgifter av snøscooter, tilhengarar, båtar m.v. Det er særleg vedlikehald av snøskuter som stundom kan dra opp denne kostnaden.

6472 Firmabil

Drivstoff, årsavgift, forsikring, verkstad og andre utgifter til hald av bilar. Den nyaste Caddyen kjøpte fjellstyret ut i år, etter at leigeperioden gjekk ut. Det er ikkje venta særskilt store utgifter til bilhald det komande året.

6475 Andre utgifter oppsynsordninga

I tillegg til arbeidsklede, skal summen dekka pålagt sikringsutstyr og godtgjersle for bruk av eige utstyr i samsvar med tariffavtale (7000 årleg for oppsyn i full stilling), og supplering og fornying av dette. Avgifter for sikringsradio, Garmin Inreach og abonnement og bruk av mobiltelefon kjem og på denne budsjettposten.

6700 Rekneskap/revisjon

Må rekna med ein viss årleg auke i kostnadsnivået. Revisjonskostnaden vil gå ned litt etter revisorskiftet som nyleg vart gjort.

6710 Kontorutgifter

Stabilt kostnadsnivå dei siste åra. Omfattar m.a. husleige, internett og kopiering.

7000 Rein og hjort (fellingsavg. m.m.)

Fellingsavgifter for rein, hjort og elg ligg inne i denne posten. Desse varierer med kvote (rein) og felling (hjort og elg). Ein viss auke er innlagd, sidan den gode fellingsa vart ført til auke i fellingsavgiftene som må betalast neste år.

7001 Fiske

Hovuddelen av summen gjeld betaling av setjefisk kjøpt frå Aurland Setjefisk SA. Kan og vera kjøp av garn til prøvefiskeseriar o.l. Same nivå som tidlegare.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 6.12.23

Stad: Flåm Marina

(sak 35/23, side 5)

7002 Hytter, drift

Den oppsette summen skal dekka kostnadene med drift, t.d. ved og gass, og rutinemessig vedlikehald av fjellstyrehyttene.

7005 Trykkeutgifter og informasjonstiltak

Kostnaden med å leggja ut informasjon om tilboda i Aurland statsallmenning på Inatur sine sider og drift av fjellstyret si eiga nettside. Utgifter til trykking av jakt- og fiskekort og anna materiell kjem og på denne posten, sameleis annonsering av fjellstyremøta. Ei halv side med fjellstyreinfo i kvart nummer av «Aurlendingen» utgjer om lag halvdelen av budsjettposten. Kjøp av bladet «Villreinen» til alle som tek ut jaktkort for villrein utgjer og ein vesentleg kostnad. Forslag om å halda nivået på budsjettposten uendra (auken i 2023 hadde samanheng med bokkjøp).

7006 Mobiltelefon/sikringsradio

Ein ny mobil er innkjøpt i år, då den gamle var utslit. Ein sikringsradio må erstattast med ny, då reparasjon truleg vert dyrare enn å kjøpa ny.

7007 Båt/naust/motor

Ingen planlagde kjøp av båtari 2022.

7008 Kontorutstyr

Ingen planlagde kjøp av kontorutstyr i 2024. Det er vedteke kjøp av eit el-mikroskop, som er lagt inn i prognosene for venta kostnader i år.

7009 Byte av snøskuter/kjelke/tilhengar

Ingen planlagde kjøp i 2024.

7020 Hytter, bygningstiltak

Storebotnhytta:

Skifte av kledning på gavlveggen mot sør, materialkostnad ca 5000.

Mellomvasshytta:

To vindauge og kledning på veggen mot sør bør skiftast; kostnad ca 25.000.

Håbergsholene:

Ny ytterdør har vore lagt inn i fleire tidlegare budsjett, utan at den er bytt. No i haust gjekk døra i vranglås og han Aron måtte bora seg gjennom for å få låst opp. Det gjer at døra må erstattast med ny før neste sesong. Kostnad ca 10.000.

7790 Tilskot til allmennytige føremål

Kan løvvast av overskotet i fjellkassa, jfr. § 11 i Fjellova.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 6.12.23

Stad: Flåm Marina

(sak 35/23 side 6)

7760 Tiltak i allmenningen

Kostnaden med gjennomføring av fiskedagar for skuleklassar og andre friluftstiltak vert ført her. Det er inngått ny partnarskapsavtale med skulane i kommunen, der innkjøp av litt utstyr er nemnt. I samband med slike dagar er det stundom trøng for ein lavvo eller liknande som kan gje ly for ver og vind. Til no har privat utstyr vorte nytta. Eg føreslår at det vert sett av kr 15.000 til dette, men at fjellstyret prøver å søkja om delfinansiering frå anna hald, t.d. miljødirektoratet eller fylkeskommunen. Totalkostnad er truleg ca 30.000. Budsjettposten omfattar og fysiske tiltak i allmenningen, som bruer og kai. Materialkostnad til kaidekke i Nordheimsdal er rekna til kr 25.000.

7141 Møte/kurs/reiser

Skal m.a. dekka kurs- og møteutgifter både for fjellstyremedlemar og tilsette. I 2024 vert det både landsmøte i fjellstypesambandet og kurs for nye fjellstyre. Dette dreg opp denne kostnadsposten.

7420 Kontingent Norges fjellstypesamband

4 % av omsetnaden til fjellstyret i 2023, ut frå vedtak på NFS sitt landsmøte.

7425 Kontingent og tilskot villreinutvalet

Fjellstyret betalar fast kontingent, 2 øre/daa i år. I tillegg vert det betalt eit oppsynstilskot for å dekka noko av villreinutvalet sitt jaktoppsyn. For fjellstyra er dette på 3 øre pr. daa.

7426 Kontingent Samarbeidsorganet for fjellstyna på Hardangervidda

Dette er ein "informasjonskontingent" som fjellstyret betalar for å få all informasjon som vert utsend. Fjellstyret har møterett i dette organet.

7510 Forsikring hytter og materiell

Går ut frå same nivå på forsikringspremien som det siste året.

7021 Garasje

Årleg leige til Aurland Setjfisk SA for garasje og lagerplass.

6010 Avskrivningar

Første gong nytta i 2019-rekneskapen, etter krav frå revisor. Kjøpet av den eine Caddy'en i år vil gje auka avskrivningar i 2024.

8169 Finansutgifter

Gebyr og rentekostnader.

Fjellstyrekontoret, den 1.12.23

Harald Skjerdal